

---

**Emne:** Høyringssvar til rettskrivingsbrigde

**Til:** Post Språkrådet <post@sprakradet.no>

**Sendt:** 17.04.2024 16:55:54

**Fra:** Sigrid Sofia Grip Skovly <sigridskovly@gmail.com>

Hei,

eg ser no at fristen fyre høyringssvaret gjekk ut 15.april. Eg freistar meg likevel på å senda eit svar. Eg vil råda imot å taka inn "koss", fordi det vil opna fyr å taka inn fleire dialektformer på nynorsk framover, t.d. er uttrykket "hokke som" i ordbøkene dykkar og "hokken", "hoss" og "hossen" var lov like lenge på nynorsk som "koss"; 1917-2012. Å opna fyre éi av desse formene vil opna fyre å få attende fleire og når både pronomen og spryrjeorda vert endra so ofte som dei vert rokkar det ved sjølve strukturen ved skriftmålet.

Detta gjeld ikkje berre austlendske h-former, men òg k-former som var lov i tidlegare rettskrivingar slik som "kem" og "ka". Um noko kunde de no hava opna fyre dativsforma "kveim" som Aasen fører upp og som fleire dialektformer er nedervde frå. Koss er no ei stuttform av korleides (og/eller korso), noko som gjev "kveim" eit større grunnlag fyr å vera i rettskrivingi enn "koss" dersom ein vektlegg berre etymologien. Sjølv sagt må ein òg vektleggja bruksprinsippet, men ein må då hava ein balansegang millom dessa. Eg skynar holder ikkje argumentet fyr å velja koss utan -en, men dokker med -er; burde ein ikkje anten velja langformi eller stuttformi i begge desse, det samsvarar vel òg best med dialektena der det er anten eller? Alt i alt lät det som detta vil føra med seg meir rot en orden i ordboki.

Eg stiller meg bak å tillata dei nye uppnorska rettskrivingsframlegga dykkar på begge målformene. Tako hev eg sjølv bruka i fleire år no og fleire vener hev òg byrja å gå over til den stavemåten. Eg vil òg råda til å taka inn stavemåten "sjov" fyr "show" slik som Linda Eide og Gunnstein Akselberg hev teke til orde fyre.

Eg skjørnar heller ikkje kvifor "flere eple" ikkje skal vera lov på bokmål, når de stadig opnar for likare og likare normering mellom målformene. Eg vil òg tilråda å gjera "ei dialekt" valfritt hokyn på bokmål.

Eg skjørnar holder ikkje kvifor det er noko poeng i å forbyda "en smell" i tyding 2, samstundes som "et smell" er forbode tyding 1. Det vil no føra til at inkjekjønsformi i lengdi vil driva burt hankjønsformi, fordi dei fleste målbrukarar oppfattar dessa som det same ordet. Dimed vil ein velja usus til means fyr den faste formi som ligg ved lag, og usus endrar seg no yver tid ("døgnfluer"). Folk som vil motverka den trenden der "et smell" vert vanlegast hev i dag valet å alltid skriva hankjønsformi, og det meiner eg kan samanliknast med målbrukarar som alltid skriv "enda" som adverb og subjunksjon, nemleg fyr å motverka ei utvikling dei er imot utan at dei sjølve hev kunnskapen til å skilja dei to formene.

Eg steller meg elles spyrjande til kvifor ikkje dei sterke verbformene skal vera lov, å gangagjeng, å standa-stend, når slike former med ulike etymologiske upphav (korleis og korso t.d.) stend som ulike uppslagsformer i ordbøkene dykkar. Det er no òg former med breidt talemålsgrunnlag, særleg der nynorsken stend sterkt i dag, og formene kjem seg ofte inn i skriftmålet endå i dag når dei ikkje er tillatne. Eg kunde hava sagt meir, men eg skal freista å halda meg innanfor det rettskrivingsbrigdet tek fyre seg seg denna gongen.

Vænsam helsing,  
Sigrid Skovly